

Os kyrkjeblad



DEN NORSKE KYRKJA

Os kyrkjelyd | Nr. 2 | 2025 | 80. årgang



| NORE NESET KYRKJE 25 ÅR | HAUSTKALENDER | NYTT UNGDOMSROM |

NÆR KRISTUS NÆR KVARANDRE NÆR KVARDAGEN

LOKALKYRKJA

Fyrste søndag i advent år 2000 opna Nore Neset kyrkje dørane for fyrste gong. Gjennom hausten vil vi halde fram å opne dei 25 år gamle dørane til gudstenester, kulturarrangement, fellesskap og feiring. For sjølvsaugt skal jubilanten feirast! Les meir om dette på side 14 og 15.

Då kyrkja etter mykje arbeid stod klar til bruk, var jobben likevel berre så vidt påbegynt. Å bygge kyrkje handlar om mykje meir enn hamar og spiker. Her har menneske kome for å feire dåpsborn og vigsel, eller minnast sine kjære. Ungdommar har stått til konfirmasjon og kome på korøving, frivillige har koka kaffi og invitert til lunsjtreff. Musikarar har fylt rommet med velklang, og kyrkjelyden har gått runde etter runde kring juletreet i lag. Eldsjelar har stått på for at kyrkja ikkje berre skal vera ein hus i nærområdet blant mange andre. Det er til inspirasjon for oss andre som brenn for ei levande lokalkyrkje! Nore Neset kyrkje er eit samlingspunkt for heile bygda. Ho skal få halde fram å veksa og leva med dei som finn vegen dit. Slik ynskjer vi òg at Os kyrkje skal vera: Midt i bygda, tilstades i kvardagen der osingar bur og lever.

God haust, og god lesnad!



Sigurd Rotvik Tunestveit

Dagleg leiar, Os sokn
Fung. kyrkjeverje, Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd
st575@kyrkja.no

HAN BØYGDE SEG NED OG LØFTA MEG OPP

6 Han var i Guds skapnad
og såg det ikkje som eit rov
å vera Gud lik,

7nen gav avkall på sitt eige, tok
på seg slaveskapnad og vart
menneske lik. Då han stod fram
som menneske,

8ørnedra han seg sjølv
og vart lydig til døden,
ja, døden på krossen.

9difer har òg Gud opphøgd han til
det høgste og gjeve han namnet over
alle namn.

10 I Jesu namn skal difor
kvart kne bøya seg,
i himmelen, på jorda
og under jorda,

11 og kvar tunge vedkjenna
at Jesus Kristus er Herre,
til Gud Faders ære!

Fil 2,6-11

Det finst nokre fine filmsnuttar frå min barndom. 8mm utan lyd. Ein av dei viser meg og bestefar då eg var ein tre–fire år.

Han kjem køyrande inn på tunet i den blågrå folkevogna si. Han har grå frakk og ei skinnveske i handa. Og så kjem han mot meg, set skinnveska ned. Eg spring mot han. Han bøyer seg heilt ned, ser meg i auga og løftar meg opp.

Eg lurar på kvifor eg hugsar denne scena så godt? Eg trur det er fordi ho stemmer med korleis han alltid var mot meg. Han var ein som stilte seg i ansiktshøg, frå eg var bitte liten til eg vart vaksen. Som bøygde seg ned og løfta meg opp, og snurra meg rundt. Eller – då eg vart eldre - løfta meg opp ved å sjå meg, anerkjenna, vera interessert.

Då eg las bibelteksten, slo det meg at det er denne rørsle – eller bølga – Gud set i verk når Jesus blir menneske. Han var Gud, gav avkall på sitt eige, vart menneske lik. Nedra seg sjølv og døydde på korset. Han vart reist opp den tredje dagen. Opphøgde. Han bøyg-de seg ned og løfta oss opp.

Det er ei strofe i ein salme av Ylva Eggehorn som har brent seg fast hos meg. «Vi bygde katedraler høyt mot himlen, men du gikk hele tiden lengre ned». Lengre ned. Heile tida. Sånn er det. Jesus er hos alle som er nedst på rangstigane våre, som er utanfor godtekne kategoriar, som er i mørke. Han bevegar seg ned i det som er ditt og mitt mørke, skam, angst, tvil, og seier – du er ikkje åleine. Det kanskje inga trøyst, men eg trur det er sant.

Me blir inviterte inn i same rørsle. Sjå menneske me møter i ansiktshøg. Ikkje ovanfrå og ned. Løfte medmenneske opp ved å anerkjenna, sjå og respektera.

I kyrkja går me inn i denne bølga. Me kjem inn, bøyer oss for Gud, tilber og ber om tilgiving. Og så blir me møtte av ein Gud som har komme ned, som møter oss ansikt til ansikt, same kvar me er. Gud løftar deg opp og kviskrar deg i øyret, du er ikkje åleine, du er det elska barnet mitt.

Så set han deg ned, slik min gode bestefar gjorde, lét meg stå på eigne bein, gå ut i livet med livslyst og gle, snubla og falla, og om og om igjen bøya seg ned og løfta meg opp.

Så kom du da til sist, du var en fremmed, en sagnfigur man nok har snakket om, så mange hadde laget bilder av deg, du sprengte alle bilder da du kom! Vi tok deg frekt til inntekt for vårt eget og flagget med ditt navn i krig og fred, vi bygde katedraler høyt mot himlen, men du gikk hele tiden lengre ned.

Du er et barn som ligger på et jordgulv, du fryser om vi ikke griper inn. Du tar på syke kropp, hater urett og byr de elskende på moden vin. Du stiger ut av alle tomme graver, du er en vind som varsler: det blir vår! Du kommer som en flyktning over fjellet, du følger oss dit ingen annen når.

Du er den sang om livet som jeg glemte, den sannhet jeg forrådte dag for dag. Jeg svek meg selv; det speilet som jeg gjemte, har dine dybder, dine ansiktsdrag. Kom nærmere, og bli hos meg! Det mørkner, og kanskje lysner det igjen på ny. Ditt liv skal bære meg; jeg hører trosten, som synger dagen inn før morgengry.

T: Ylva Eggehorn 1999
O: Øystein Thelle 2006



Kristin Sævik Litlere

Prost i Fana prosti
kl428@kirken.no



Os kyrkjeblad kjem ut tre gonger i året, og vert sendt som informasjon til alle heimar i Os.

Utgjevar

Os sokneråd
Postboks 209, 5202 Os

Soknerådsleiar

Tone Steinsund Hagevik
tonehagevik@gmail.com

Redaksjon

Sigurd Rotvik Tunestveit | st575@kyrkja.no
Ine Sofie Moen | im763@kyrkja.no
Roar Hallesby Evjedal | re674@kyrkja.no

Abonnement


Bladpengar (frivillig) kr. 250/år
Bankgiro 3201 53 26354
Vipps 786791 | Merk betalinga "Bladpengar"
Kontakt oss for utanbygds abonnement (kr. 350/år)

Opningstid kontor

Øyro 49, 5200 Os
Måndag-tysdag og torsdag-fredag 10-14, onsdag stengd

Kontakt

Tlf.: 56 57 24 00 | E-post: post.os@kyrkja.no



Forsida

Nore Neset kyrkje i fugleperspektiv

Trykk

ETN grafisk | Opplag 9393

Nettside

kyrkja.no/os-vestland



GLIMT FRÅ KYRKJELYDEN



Skal det vere ein is eller ei pølse?
17. mai-kiosk på Kyrkjjetunet.
(Foto: Roar H. Evjedal)



Prosjesjon kan gjerast på mange måtar!
Her frå regnbogegudstenesta i juni, på
veg frå kyrkja til Tunet for kyrkjekaffi.
(Foto: Sigurd R. Tunestveit)

Prosjektoret og lokale
musikarar i sving under
Jazzmessa i Os kyrkje
(foto: Sigurd R. Tunestveit)



Dansegruppa i full sving
under Skapningsdagane!
(Foto: Sigurd R. Tunestveit)



Jostein og Sylvi byggjer døpefont i Ervikane
før friluftsgudsteneste på St. Georgs dag.
(Foto: Roar H. Evjedal)

...og utandørs
dåp vart det!
(Foto: Roar H. Evjedal)



Topp stemning på hyttetur til vakre
Sævareid med ungdomsleiar Harald!
(Foto: Harald S. Dahler)



BARN OG FAMILIE

BABYSONG


Babysong er som musikalsk tran for kropp og kjensler, der barn og forelder bli stimulert på ein unik måte. Baby-songen styrkjer utviklinga til barnet, og legg til rette for sterke band mellom barn og forelder i opne og inkluderande fellesskap.

Babysong har to grupper; ei i Tunet på tysdagar og ei i Nore Neset kyrkje på torsdagar. Ta med nistepakke, vi serverar kaffi og te. Påmelding krevst!

Oppstart tysdag 2. september i Tunet

Oppstart torsdag 4. september i Nore Neset kyrkje

Meir info og påmelding finn du her:




SHUBADUBS

ShubaDubs er eit familiekor for born i alderen 2,5-6 år og deira foreldre. Vi møtast annakvar torsdag i Tunet, kor vi syng ein halvtimes tid og avsluttar med kveldsmat.

Koret er organisert i Søndagsskulen og medlemskapet koster 50 kr. På denne måten finansierer vi kveldsmat. Det å smøre kveldsmat går på omgang mellom føresette, og vert servert frå kl. 18.00 til vi syng takk- og farvel-songen ca. kl. 18.20.

Oppstart torsdag 4. september kl. 17.30 i Tunet

Meir info og påmelding finn du her:



KOReDu

KOReDu er eit barne- og tweenskor for 1.-7.-klassingar. På øvingane er det oppvarming, litt leik, øving på songar og avslutning med kveldsmat.

Det er øving i Tunet annankvar torsdag kl. 17.30-19.00 for 1.-4. klassingane, mens 5.-7. klassingane (tweens) øver kvar torsdag frå kl. 17.30-19.30.

I oktober er koret med på Barne- og tweensfestivalen. I år skal den vere i Skjold.

Torsdag 4. september kl. 17.30-19.30 inviterar vi til **KICK-OFF i Tunet!** Det blir lek, sang, dans, rytmer, pizza og god stemning - kom og bli med!

Meir info og påmelding finn du her:



4-ÅRSBOK

Denne hausten har vi to utdelingar av 4.-årsboka. Alle som er døypte og fyller 4 år i 2025 vil få invitasjon til disse gudstenestene i posten.

Sett av desse søndagane:

- **12. oktober i Nore Neset kyrkje**
- **26. oktober i Os kyrkje**

HEILT FØRSTEKLASSES

Me inviterar alle førsteklasingar i kyrkjelyden til fire kjekke samlingar i Tunet! På første samling får du utdelt 6-årsboka og ei aktivitetsbok. Gjennom ulike aktivitetar blir vi kjend med bibelforteljingane i boka. Vi et kveldsmat saman til slutt. Vaksne er velkomne til ein kopp kaffi kl. 18.15. Då kan vi fortelje kva vi har høyrte og laga denne dagen.

Heilt førsteklases er følgjande tysdagar kl. 17.00-18.30:

- **9. september**
- **16. september**
- **23. september**
- **30. september**

• **Program:**

- Oppstart
- Dagens bibelforteljing
- Dagens aktivitet
- Kveldsmat
- Avslutning

Meir info og påmelding finn du her:



LYS VAKEN

Alle som fyller 11 år i 2025 kan få muligheten til å overnatte i kyrkja frå 1. til 2. november. Vi skal ikkje døgne, Lys Vaken handlar om å være lys vakne for det som skjer rundt oss, for kvarandre, for Gud og for oss sjølve. Arrangementet startar laurdag kl. 16.00 og varar gjennom natta og heilt til og med kyrjekaffien etter gudstenesta. **Sett av helga og meld dokke på når påmeldiga startar etter haustferien!**

OSØYRO OPEN BARNEHAGE

Open Barnehage er eit tilbod for deg som har ansvar for barn (0-6 år) og har ynskje om å treffe andre i samme situasjon. Her kan du komme og gå gratis, samt oppleve eit pedagogisk tilbod, leia av barnehagelærer Anne. I barnehagen kan du få informasjon, råd og vegleiing om barns utvikling og oppvekst. Det er òg tilbod om babysong på formiddagen (eigen påmelding).

Open barnehage er eigd og drive av Bjørgvin KFUK-KFUM.

Open barnehage held til i Tunet og er open kvar tysdag frå kl. 9.00-15.00.

Det er felles lunsj for dei som ynskjer det, kl. 11.30. (Gratis for medlemmer i KFUK-KFUM, kr 50 for andre. Bli medlem!)

MESSY CHURCH

Etter først å ha vore ein pilot-kyrkjelyd for å teste ut "Messy Church"-konseptet frå England har vi halde fram med å bli ein ressurskyrkjelyd i dette fellesskapet i Noreg. No har det kome nytt materiell til dette opplegget, og vi har kome godt i gang i Nore Neset kyrkje. Messy Church er ein annleis gudstenestefeiring der vi saman jobbar oss igjennom bibeltek-star, men med ekstra fokus på å vere gjestfrie, og dele ein kreativ feiring for alle generasjonar med Jesus i sentrum.

Haustens samlingar med Messy Church i Nore Neset er:

- **7. september**
- **12. oktober**
- **7. desember**

SPEIDAREN

Bli med på eit opent speidarmøte i Tunet måndag 1. september kl 18.00-19.00!

1. Os KFUK-KFUM-speidarar inviterar born i 1. og 2. klasse til speidarmøte . Test ut ekte speidaraktivitetar heilt gratis. Vi ynskjer at foreldre er med på møtene. Kle dokke etter været, vi skal vere ute. Ta med sitjeunderlag og refleksvest.

Meir info finn du her:



BYGGE ROM, BYGGE MENNESKER UNGDOMSROMMET FÅR EN MAKEOVER!

Frå februar såg me ein auke av ungdommar som ville ta i bruk Ungdomsrommet, og eit tydeleg behov for fleire sitjeplassar. Fleire av desse ungdommane engasjerte seg for å planleggja oppussing av rommet, og utforminga av **Klubben** som opnar i september.

På veien har vi fått mye solid hjelp. Kenneth var med å handla golv og veggplater. Knut Ivar og Lars Joar reiv ned ein heil vegg, som gav mykje meir rom for sitjegrupper. Knut Ivar bygde også opp ein lågvegg og mekka ein lagringsplass. Forelderen og målaren Dudek ville bidra med å måla heile rommet i fargen som ungdommane ville ha. Gerhard, Lars Joar, Gro Helen og Torgeir la golv. Ein sommardag kom også ungdommen Robin og monterte sofaer. Eit par nye høgtalarar og nokre Led-lister er også på plass, og ein del møblar blir gjenbrukte. Sjølv om det ikkje er heilt klart til å bli brukt endå, er me på god veg. Me er ekstremt takksame for kvar enkelt som har gitt timar og tankar for å gi ungdommane ein innbydande plass å vera!



Det nye ungdomsrommet tek form!
Foto: Sigurd Rotvik Tunestveit

Det som betyr noko for ein, tek ein vare på. Derfor er det viktig at ungdommane sjølv får utfalda seg og sagt si mening om korleis dei vil ha det der. Det er også ein del av å ansvarleggjera dei, noko som er viktig for å leggja eit godt grunnlag for kulturen som no skal byggjast i Klubben.

Klubben vil bli halde omtrent to fredagar i månaden frå kl. 19.30 til 23.00. Det vil vera underhaldning, aktivitetar, musikk, mat, andakt og kva enn ungdommane steller i stand. Me har vorte velsigna med mange ungdomsleiarar frå Kongshaug, og ein god gjeng med frivillige som skal vera vakter. I tillegg er me tre faste tilsette til stades.

Våren har ikkje berre vore ei tid for relasjonsbygging med ungdommar, men også med aktørar utanfor kyrkja. Utekontakten, Ungdomsteamet, Politikontakt, Natteravnene og SLT er alle veldig positive til at me «opnar Tunet» for ungdommane og har komme med gode innspel til korleis me kan leggja rammene for å vareta tryggleik når me skal arrangera Klubben, og under JoinUs. Utekontakten og Natteravnene kjem også til å vera i området på fredagane Klubben blir halden.

JoinUs held fram med å halda ope rom for dei som ikkje ønskjer å vera med på gruppeaktivitetane (gjeld ikkje konfirmantar) og Ungdomsrommet blir ein base for dei. Håpet er at me gjennom dette kan inkludera dei og leia veg inn til heile fellesskapen og andre arrangement som Ungdomstunet held. Me håpar Ungdomsrommet vil bli flittig brukte av alle ungdommar som treng ein stad å vera, både på onsdagar, fredagar og andre dagar.

Datoar for Klubben til hausten er fredag 12. og 19. september, 3. og 24. oktober, 21. november, og 5. og 19. desember.

Tekst: Idun Fjeld

JoinUs

Har du nokon gong tenkt på at du har lyst til å syngja? Men tanken på å gjera det åleine verkar som ein for stor utfordring? Då kan du prøva JoinUs-koret. Hos JoinUs kan du utforska korleis det er å vera med i eit kor, og dei ulike delane som får koret til å fungera: kor, band, hobby, mat, og lyd og lys. Sjølv om du ikkje ønskjer å vera ein del av dei som står framfor og framfører, har me også plass til deg. Du kan jobba i bakgrunnen med lyd og lys, eller hjelpa til med maten som gruppa treng for å ha krefter til å framføra. Me finn oppgåva som passar for deg. **Kvar onsdag kl. 18:00-21:00 i Tunet**

KRIK

KRIK, eller Kristen idrettskontakt, er ein idrettsfellesskap som samlast rundt gleden for idrett og den kristne budskapet me har fått i arv frå Jesus Kristus. I KRIK møter du engasjerte ungdommar som ønskjer å skapa ein god fellesskap rundt det å vera aktive. Her finn dei mange ulike aktivitetar dei gjer i fellesskap, alt frå kanonball til innebandy til badstove, alt etter kva ungdommane sjølv ønskjer å gjera, anten det er utandørs- eller innandørsaktivitetar.

Kvar fredag kl. 18:00-19:30 hos Os aktiv

KLUBBEN

Klubben opnar i september og er open ein til to fredagar i månaden. Klubben har base i Ungdomsrommet i Tunet, og her vil det vera underhaldning, aktivitetar, musikk, mat, andakt og kva enn ungdommane steller i stand. Men viktigast av alt, vil det vera eit trygt og inkluderande fellesskap!

Datoar for Klubben er 12. og 19. september, 3. og 24. oktober, 21. november, og 5. og 19. desember i Tunet

MILK

Vil du bli kjend med nye folk og deg sjølv på ein ny måte? Ha det kjekt samtidig som du lærer noko nytt? Leiarkurset Mini Lederkurs (MILK) er for ungdom som ønskjer å bli kjend med seg sjølv, finne sin plass i fellesskapen og læra å stå opp for andre. Målgruppa er deg som har vore konfirmant og har lyst til å vera med vidare i kyrkja. Kanskje lurar du på om å vera leiar kan vera noko for deg? **Ein søndag i månaden kl. 17:00-19:00 i Tunet**

PIZZA & BIBEL

Har du lyst til å utforska di store spørsmål, eller bli betre kjent med den kristne trua? Kom på Pizza & Bibel der du kan både reflektera over bibeltekstar og stilla di vanskelege spørsmål du sitt med. **Ein søndag i månaden kl. 19:00-20:30 i Tunet**

ULF

Ungdomsleiarforum (ULF) er ein arena for unge kristne som ønskjer eit felleskap med andre, der ein kan snakka ut om trua si og leva deretter. Her er det trygge vaksne til stades for å vera til hjelp i ulike livssituasjonar. ULF er samtalar rundt livet over ein matbit, - alt frå det minste til det største. **Ein søndag i månaden kl. 19:00-21:00 i Tunet**

SPOND

Vi bruker spond for den interne kommunikasjonen til arrangementa våre. Bli med i vår spond gruppe! **Kode: RRPQX**

NETTSIDA

Vi bruker **Ungdomstunet.no** for den eksterne kommunikasjonen til arrangementa våre. Her vil du finna heile kalenderen for kva som vil skje i ungdomsarbeidet framover. For dei som ikkje har komme seg inn i Spond er det mogleg å melda seg på arrangementa våre her.



Harald Skoglund Dahler
Ungdomsleiar
Tlf: 482 61 164 | E-post: hd973@kyrkja.no



Idun Fjeld
Ungdomsarbeidar
Tlf: 482 66 376 | E-post: if594@kyrkja.no

SENIOR-KOINONIA

Koinonia tyder fellesskap, og det er fellesskapet i praten, måltidet, musikken og trua som står i sentrum for samværet når Senior-Koinonia samlast annakvar torsdag i Tunet.

Her er det plass til deg ved bordet uansett alder, bakgrunn og kjennskap, og med god takhøgde og plass til både humor og det djupe alvor. God mat, foredrag, song og musikk. Velkommen skal du vera!

Torsdag 11. september

Odd Sverre Hove: "Englenes syndefall. Et dypdykk i Bibelen".

Song: Anker Turøy

Torsdag 25. september

Andreas Kristiansen: "C. S. Lewis, evig aktuell".

Torsdag 9. oktober

Halldis Reigstad: "Innhausting frå mandeltreet"

Song: Ellen og Ingrunn

Torsdag 23. oktober

Solveig Nordheim: Historier frå Helgaton

Song: Jan Tørres Nordstrand

Torsdag 6. november

Knut Ivar Askeland: "Ei utvandrarhistorie"

Song: Toril Myklebust Lie

Torsdag 20. november

Oddvar Rotvik: Song frå bedehusland

Torsdag 4. desember

Harald Salbu: "Edens hage" i Nairobi

SPRÅKKAFÉ

Språkkafeen er både for deg som ynskjer å øve på å snakka betre norsk, og for deg som vil hjelpe andre til å snakka betre norsk. Vi treng begge delar for at denne møteplassen skal verte god og verknadsfull! **Velkommen til Språkkafé i Tunet følgjande datoar:**

- Torsdag 21. august
- Torsdag 25. september
- Torsdag 9. oktober
- Torsdag 20. november
- Torsdag 4. desember

SENIORTREFF I NORE NESET

Annakvar tirsdag føremiddag har vi Seniortreff i Nore Neset kyrkje. Då samlast vi til prat og song og eit godt måltid. Nokre gongar har vi besøk av nokon som fortel om eit tema eller underhold på ein eller annen måte. Vi samlast i kjøkendelen av kyrkja. Det er svært kjekt om vi blir fleire, så ta gjerne turen!

Første Seniortreff er tysdag 26. august kl. 11:30. Velkommen!

KYRKJA ER HER FOR DEG

SORGGRUPPE

Har du mista nokon og ynskjer å møte andre som også er i sorg? Da kan det vere fint å vere med i ei sorggruppe. Ta kontakt med diakon om dette kan vere aktuelt for deg.

SAMTALE MED DIAKON ELLER PREST

Om du ynskjer å snakke med diakon eller prest, er det sjølvstendig mogleg. Du bestemmer sjølv kva vi skal snakke om. Ta kontakt med kyrkjekontoret eller direkte med diakon/prest for å avtale samtale.



Ingrid Vik
Diakon
E-post: iv588@kyrkja.no

SAMTALEGRUPPE

Samtalegruppe er eit tilbud i etterkant av sorggruppe, eller om du er i ei fase i livet der du treng støtte og nokon å snakke med i ei mindre gruppe. Gruppa er ledet av frivillig Torunn Eide, 97 63 74 84.

SØNDAGSSAMLING

Søndagssamling er eit tilbod frå Os kyrkjelyd til menneske med psykisk utviklingshemming og andre. Anten du bur i bufellesskap eller i eigen bustad er du velkommen til ei ettermiddagsstund med andakt, allsong og musikalske innslag, bevegelse til musikk, mat og prat. Vi samlast i Tunet 3 – 4 gonger i halvåret, søndagar kl 17:00 – 18:30. Ein av samlingane er gudsteneste i Os kyrkje kl. 11:00.

Haustens Søndagssamlingar:

- 21. september 11:00: Søndagssamlingsgudsteneste i Os kyrkje
- 26. oktober 17:00
- 30. november 17:00



Svante Havåg
Prostiprest
E-post: sh226@kyrkja.no

ELDRETRUFFET PÅ KLØVERTUN LEGG NED

Etter fleire tiår med Eldretreff i Kløvertun er det no vedteke å legge denne møteplassen ned. Vigdis Thunold er ein av sanitetskvinnene som har vore sterkt involvert. Ho takkar for det gode samarbeidet med kyrkja og dei frivillige som har bidrege.

- Det er litt vemodig, for Eldretreffa her i Kløvertun har vore eit viktig samlingspunkt gjennom lange tider. No når framtida til bygget er usikker stod ein ovanfor eit skifte. Og så er det jo ein tid for alt, seier ho. Os kyrkjelyd har vore involvert som medarrangør dei seinare åra og takkar så mykje for godt samarbeid! Heldigvis finst det framleis andre gode fellesskap å ta del i, som du mellom anna kan lesa om på desse sidene. **Takk for innsatsen og samarbeidet Vigdis!**

Vi vil også takke Anny og Kaare Bakke som hadde ansvar for Eldretreffet sammen med Sanitetskvinnene frå 2006 til 2016, Jorunn og Osvald Hindenes som hadde ansvaret frå 2016 til 2019, og Knut Ivar Askeland, Bjørn Atle Drange og Gerhard Hansen som hadde ansvaret frå 2019 og fram til no. **Tusen takk!**

Tekst: Sigurd Rotvik Tunestveit

VI LES BIBELEN SAMAN!

Har du tenkt over at mange av Bibelens tekstar opprinneleg skulle erfarast i fellesskap gjennom høgtlesing? Ja, både israelsfolket i den gamle pakt og dei første kristne samla seg for å høyra lov og evangelium.

Bibellesing i vår hektiske tid kan vere så mangt; å høyra søndagens tekst i kyrkja, nokon får tilsendt dagens bibelvers på sms, andre føl ein bibelleseplan eller har ei fin andaktsbok.

Det skjer noko underleg i tida vi no lever i. Mange menneske viser igjen interesse for Bibelen. Menigheter melder om tilstrømming av nye medlemmer, ofte unge menneske som søker stabilitet i ein kultur som stadig viskar ut grenser og har vage svar på dei grunnleggjande spørsmåla alle stiller seg. Også dei kristne friskulane opplever høgare søkjartal. Kongshaug Musikkgymnas, der eg til dagleg arbeider, er eitt eksempel på det.

Kva er det som skjer? Svara er sikkert fleire og samansatt, men nokon peiker på ei åndeleg tørst. Etter om lag 20 år med ei ateistisk bølge som fulgte etter 9/11 og skepsis mot fundamentale religionar, virkar det som om vinden er i ferd med å snu. Ateismen gav oss likevel ingen fornuftige svar på korleis livet gir mening når det ikkje ligg ein Skapar, ein design og hensikt bak alt. Og den kan ikkje gje håp eller trøyst til den som sørgjer, for me er trass alt berre her ei kort stund, takka vere blinde, evolusjonære prosessar, og så døyr me. Og dett var dett. Det virkar som om mange ikkje klarar å slå seg til ro med at det er alt.

Teolog, forfattar og bibeloversetjar Hans Johan Sagrusten har skrive ei bok som heiter «Rik Bibelbruk». Han skriv blant anna om ulike bibelpraksisar i kyrkjefellesskap verda rundt. Det var særleg kapittelet om ei husmenighet i Kina som gjorde inntrykk på meg. Dei samlast så ofte dei kan, gjerne dagleg, og les høgt saman frå Bibelen. Ingen utlegning og teologisk preiken over eit par vers. Berre Guds Ord, klart og reint, i lange strekk.

Me er veldig glad for å kunne ta imot Sagrusten i Nore Neset Kyrkje denne hausten. Ikkje nok med det; også Eyvind Skeie, for dei fleste mest kjend som tekstforfattar bak «En stjerne skinner i natt», skal også vitja oss. På kvar sin måte vil dei belyse temaet for Nore Neset Kyrkje sitt 25-årsjubileum som er «Ordet».

Bibelen er ei vanskeleg bok å bli klok på utan litt hjelp med kontekst og fortolking. Men sanninga er nok også den, at i vår hektiske kvardag er det ikkje sikkert at me som menigheit og enkeltpersonar tar oss tilstrekkelig tid til å vere stille for Gud. Dette ønskjer me å skape eit rom for med høgtlesing av Bibelen utover hausten.

Me håpar at du vurderer å bli med på å gjenoppdage Bibelen saman med oss, slik den var meint å formidlast, nemleg gjennom øyret. Du kan ta med ein behageleg fluktstol om du vil sitja meir komfortabelt, ta med strikketøy og varm drikke på termos. Eller berre kom som du er, sett deg ned og kvil i Guds Ord ein times tid. Kanskje kan ein vere så frimodige å invitera nokon me kjenner? Og om du har ei tydeleg stemme og likar å lese høgt er du velkommen til å bidra.

Høgtlesning av Bibelen finn stad i Nore Neset kyrkje kl. 20:00-21:00 på utvalde søndagar.

Datoane for Høgtlesning av Bibelen er:

- 14. september
- 28. september •
- 12. oktober
- 19. oktober
- 2. november
- 16. november
- 14. desember

Du er hjarteleg velkommen!

Tonje Hernes, leiar i Nore Neset-utvalet

BISPEVISITAS I BJØRNAFJORDEN

I november kjem biskop i Bjørgvin Ragnhild Jepsen på Visitas til Bjørnafjorden. Ho skal besøka begge sokna i kommunen 11-13. november, med visitasgudsteneste i Os kyrkje søndag 23. november. Sist vi hadde bispevisitas i Os var i 2010, og i Fusa var det i 2012. Mykje vatn har rent i Oselvo sidan då, så det skal bli spennande å ønskje biskop Ragnhild velkommen til Bjørnafjorden.

Kva er så ein bispevisitas? Enkelt sagt er det at biskopen kjem på besøk for å sjå og bli kjend med forhalda i soknet. Programmet vil vera samtalar med stab og råd, møter med kommunen, og ikkje minst møter med folk i sokna. Programnemda for visitasen (sokneprestane, soknerådsleiarane og dei daglege leiarane) har valt «oppvekst» som tema. I Os vil vi ha særleg ungdom og ungdomsarbeid i fokus. I Os er det onsdag 12. november som er hovuddagen for visitasen, der biskop Ragnhild m.a. vil få med seg ein ungdomskveld med konfirmantsamling, Join Us og opent ungdomsrom.

Visitasgudstenesta blir 23. november i Os kyrkje, og vil vera fellesgudsteneste for Os og Fusa denne søndagen. Etter guds-tenesta vil biskopen ha visitasføredrag, før det blir stor kyrkjekaffi i Storsalen i Tunet. Velkommen!

Tekst: Roar Hallesby Evjedal



Foto: Bjørgvin bispedømmekontor

SPEIDARJUBILEUM

1.Os KFUK-KFUM SPEIDARE fyller 80 år!

Vi feirar med jubileumsgudsteneste i Os kyrkje søndag 28. september kl 11:00. Alle er velkomne til gudsteneste med påfølgande kyrkjekaffi!

Laurdag 27. september inviterar vi alle tidligare og nåværande medlemmar i 1.Os, Os 2, Hagavik og Lysekloster speidergrupper. Vi samlast i Tunet kl. 17:00 for å både mimre og sjå framover. For informasjon om påmelding og detaljert program sjå **1os.kmspeider.no**



NORE NESET KYRKJE 25 ÅR



Første søndag i advent i år er det eit kvart århundre sidan Nore Neset kyrkje vart innvigd. Men arbeidet med å få ei eiga lokalkyrkje på Nore Neset starta nesten endå eit kvart århundre tidlegare. Det var i samband med at ein vedtok å få ei eiga gravplass på Nore Neset i 1977, at tankane om ei kyrkje her tok form. Kommunestyret sette i gang planarbeid for eit kapell, som helst skulle sjåast i samanheng med ei framtidig arbeidskyrkje på staden, altså eit funksjonelt bygg med ulike rom og moglegheitar utover kyrkjerommet. Soknerådet peika ut ei plan- og byggenemnd der dåverande kapellan Per Fimreite var leiar. Innan 1978 var omme var eit utkast på 1400 m² på bordet og arkitektane Mette og Morten Molden engasjerte. Det var då godt og vel 100 år sidan sist det vart bygd kyrkje i Os – den noverande kyrkja på Osøyro sto ferdig i 1870.

Frå teiknebrettet til vigsling

Dei neste åra fulgte mange prosessar for å redusere omfanget av første byggesteg, slik at det var råd å vinne fram blant kommunens mange investeringar. Første steg vart å byggje eit kapell, og så skulle «arbeidskyrkja» koma etter. Slik vart det omsider vedteke bygging hausten 1997. Då hadde Bjørn-Atle Drange vore med i byggenemnda sidan 1983 og sat som leiar gjennom byggeåra. Biskop Ole Danbolt Hagesæther stod for grunnstein-nedlegginga, og søndag 3. desember 2000 vart den nye lokalkyrkja opne til gudsteneste for første gong. Allereie seinare same dag var det både konsert med Kyriaké («Inn i Ditt hus») og ungdomsgudsteneste, så her skulle den nye lokalkyrkja fyllast med liv og innhald frå første stund!

Kyrkjeliv dei første åra

Det vart tidleg etablert eit eige kyrkjekor på Nore Neset, leia av Grethe Inger Berge. Nokre år var det god lokal oppslutning frå damene, medan herrestemmene ikkje var like lette å få med. Eldretreff var ein òg tidleg i gang med. Aktivitetsrom til ungdomen i kjellaren kom ikkje med i dei endelege planane, men det sette ingen stoppar: I lag med Hagavik bedehus vart det skipa til ungdomsklubb i kyrkjerommet. Sidan inventaret står laust, var det berre å stable stolar, rigge opp bordtennisbord og liknande. For gamal og ung vart det tidleg invitert til møteplassar som skapte grobott for eit eige kyrkjeliv på Nore Neset, og dette har i stor grad vore oppskrifta heilt fram til i dag, der seniorar samlast til lunsj om lag kvar 14. dag, babysong har stort oppmøte og kyrkje-lydens store julefest fyller kyrkjerommet i januar, mellom anna.

Kulturkyrkja

Det stod tidleg klart at det nye kyrkjerommet er særst godt eigna til klingande musikk. Utforming og materialar skapar god akustikk, og orgelet kling flott. Her kunne gode musikkopplevingar koma til sin rett! «Minns Du Songen» har vore ein suksess nærmast sidan starten, der mange ulike artistar har leidd publikum gjennom kjente og kjære songar og salmer. Kyrkjelydens eigne kor har gjerne øvd her, mellom anna både tweenskor og mannskor. Kor-konsertar har det òg vore mange av, og kyrkja har dessutan vorte nytta til innspeling av kor-musikk. I 2023 kom det spesialgardiner på plass langs sideveggane for å ha endå betre kontroll med romklangen. I fjor fekk kantor Irina Tarasova plassert eit cembalo i kyrkjerommet, utlånt frå Sund kyrkje i Øygarden. Med dette er det duka for endå fleire gode konsertopplevingar i Nore Neset kyrkje i åra som kjem, og i jubileumssesongen er det lagt opp til eit breidt spekter av musikkopplevingar for å syne fram kulturkyrkja vår – sjå program nedenfor!

Aktivt utval – aktiv kyrkjelyd?

Sjølv om kyrkja stod ferdig bygd i 2000, er vi ikkje ferdige med å bygge kyrkje på Nore Neset. Å skape eit aktivt kyrkjefellesskap krever eit lokalt engasjement for at kyrkja skal vere levande og open. Her har Nore Neset-utvalet ei nøkkelrolle. Tonje Hernes er no leiar for dette utvalet, som er oppnemnt av soknerådet. Utvalet tenker heilskapleg om kva kyrkje Nore Neset skal vere, og skipar til samankomstar som vårfest, julefest, foredrag, open kyrkje og anna. I haust er du òg invitert til høgtlesing frå Bibelen på søndagskveldar. Dette kan du lesa om på side 12. Det er med andre ord ein livskraftig 25-åring vi skal feire gjennom hausten, med jubileumsgudstenesten første søndag i advent – 30. november – som eit utrops-teikn etter eit kvart århundre med levande kyrkje på Nore Neset!

Stor takk til Svein Inge Hovland (bilete), Gerhard August Hansen og Grethe-Inger Berge for hjelp til utarbeiding av denne artikkelen!

JUBILEUMSPROGRAM

Torsdag 6.november:

Kor-konsert med Os Vocalis: Gabriel Faurés "Requiem"

Laurdag 15.november:

Salmekveld med Eyvind Skeie

Onsdag 19.november:

Orgelkonsert med Irina Tarasova, Iman de Zwarte og Anna Cecilie Norlund Oksavik

Fredag 28.november:

Konsert med sopran Tomine Mikkeline Eide

Søndag 30. november:

Jubileumsgudsteneste

Tekst: Sigurd Rotvik Tunestveit



Napp ut og heng opp!

Os kyrkjelyd Haustkalender

MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	T ORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SUNDAG
25 august Speidaren	26 27 28 29 30 Seniortreff Nore Neset kyrkje Open barnehage Tunet	Strikk til Tunet KRIK		Os Aktiv		31 Os 11:00 Aldri Åleine MiLK Pizza & Bibel
1 september Speidaren	2 3 4 5 6 Open barnehage Babysong Tunet	Strikk til Tunet JoinUs	JoinUs KOREdu ShubaDubs KRIK	Os Aktiv		7 Os 11:00 NN 11:00
8 Speidaren	9 Seniortreff Nore Neset kyrkje Open barnehage Babysong Tunet Heilt Førsteklasses	10 11 12 Strikk til Tunet JoinUs	Babysong Nore Neset Senior-Koinonia KOREdu Tweens Kveldsbøn Os kyrkje	Klubben	13	14 Os 11:00 Høgtlesning av Bibelen Nore Neset
15 16 Konsert Nore Neset Speidaren Heilt Førsteklasses	Open barnehage Babysong Tunet Førsteklasses	17 Strikk til Tunet JoinUs	18 19 JoinUs Babysong Nore Neset KOREdu ShubaDubs	Klubben KRIK Os Aktiv	20	21 Os 11.00 NN 19.00 Søndagssamlingsgudsteneste
22 Speidaren	23 Seniortreff Nore Neset kyrkje Open barnehage Babysong Tunet Heilt Førsteklasses	24 25 Strikk til Tunet JoinUs	Babysong Nore Neset Senior-Koinonia KOREdu Tweens Språkkafé	26	27	28 Os 11.00 Høgtlesning av Bibelen Nore Neset Aldri Åleine MiLK Pizza & Bibel
29 Speidaren	30 Open barnehage Babysong Tunet Heilt Førsteklasses	1 oktober Strikk til Tunet JoinUs	2 3 4 Babysong Nore Neset KOREDU ShubaDubs Konsert Os kyrkje	Salmekveld Os kyrkje Klubben KRIK Os Aktiv		5 Os 10.00 + 11.15
6 HAUSTFERIE	7 Open barnehage Babysong Tunet	8	9 Babysong Nore Neset Senior-Koinonia Språkkafé Kveldsbøn Os kyrkje	10	11	12 NN 11.00 Høgtlesning av Bibelen Nore Neset
13 Speidaren	14 Seniortreff Nore Neset kyrkje Open barnehage Babysong Tunet	15	16 Babysong Nore Neset KOREDU ShubaDubs	17	18	19 Os 11.00 Konsert Os kyrkje Høgtlesning av Bibelen Nore Neset Aldri Åleine MiLK Pizza & Bibel
20 Speidaren	21 Open barnehage Babysong Tunet	22 Strikk til Tunet JoinUs	23 24 Babysong Nore Neset Senior-Koinonia KOREdu Tweens	Klubben KRIK Os Aktiv	25	26 Os 11.00 NN 11.00 Søndagssamling
27 Speidaren	28 Seniortreff Nore Neset kyrkje Open barnehage Babysong Tunet	29 Strikk til Tunet JoinUs	30 Babysong Nore Neset KOREDU ShubaDubs	31 KRIK Os Aktiv	1 november Lys	2 Os 11.00 + 19.00 NN 19.00 Høgtlesning av Bibelen Nore Neset
3 Speidaren	4 Open barnehage Babysong Tunet	5 6 7	Konsert Nore Neset Babysong Nore Neset Senior-Koinonia KOREdu Tweens	Klubben KRIK Os Aktiv	Vaken 8	9 Os 11.00 + 11.15 NN 19.00
10 Speidaren	11 Seniortreff Nore Neset kyrkje Open barnehage Babysong Tunet	12 Strikk til Tunet JoinUs	13 Babysong Nore Neset KOREDU ShubaDubs Kveldsbøn Os kyrkje	14 Nattcup	15 Salmekveld med Eyvind Skeie Nore Neset	16 Os 11.00 Høgtlesning av Bibelen Nore Neset
17 Speidaren	18 Open barnehage Babysong Tunet	19 Konsert Nore Neset Strikk til Tunet JoinUs	20 Babysong Nore Neset Senior-Koinonia KOREdu Tweens Språkkafé	21 Klubben KRIK Os Aktiv	22 Julemesse	23 Os 11.00
24 Speidaren	25 Seniortreff Nore Neset kyrkje Open barnehage Babysong Tunet	26 27 Strikk til Tunet JoinUs	Babysong Nore Neset KOREDU ShubaDubs	28 Konsert Nore Neset KRIK Os Aktiv	29	30 1. søndag i advent NN 11.00 Søndagssamling Aldri Åleine MiLK Pizza & Bibel

Aktivitetane foregår i Tunet om ikkje anna er nemnt. Sjå nettsida kyrkja.no/os for oppdateringar, detaljar og påmelding!



Det viktigste stedet i Norge er Bjørnafjorden

Eiendomsmegler Vest og Sørmeqleren er nå Eiendomsmegler Norge. Sammen skal vi bygge Norges beste eiendomsmegler.

Og for oss vil Norges viktigste stedet alltid være der vi jobber. Stedet der du bor.

Skal du selge eiendom? Kom innom kontoret vårt i Os sentrum.



Daniel Røksund
Tlf.: 938 26 432
daniel.roksund
@emvest.no



Arild Lothe Tlf.:
412 66 620
arild.lothe
@emvest.no



Vidar Haugland Hjertaas
Tlf.: 483 45 118
vidar.hjertaas
@emvest.no



Pål Huun Monsen
Tlf.: 952 65 865
pal.monsen
@emvest.no



emnorge.no

PÅ VITJING HOS NMS GJENBRUK I IRISGÅRDEN

Det er laurdag. Klokka går mot elleve. I Gjenbruksbutikken innst i korridoren i andre høyda i Irisgården er tre av medarbeidarane der i travel aktivitet. Det vert logga inn i kassa, vekslepengar vert talde, på kjøkenet vert kaffien gjort klar og saman med tevatn og kjeks sett inn på bordet i kaffikroken for kundar. Nyprisa smykker vert hengde på stativ og lagt i glassmonter, gitterporten vert heist opp og nokre klesstativ rulla ut til framfor inngangen. Det er klart for ein ny handledag i NMS Gjenbruk Os!

Kundar i alle aldrar strøymer jamt til gjennom dei fire timane butikken er open. Ein mann går rett fram til bokavdelinga – det gjeld om å finna litteratur for helga. Og med bokprisar på 15 og 20 kroner, kan ein jo få med seg nokre gode bøker! Ein ung far og dottera finn vegen til «barnekroken» der eit leikeslott i plast vert vald ut. Ei eldre kvinne sikrar seg nokre buntar garn, medan ei yngre kvinne kjem til kassa med eit stort maleri med eldre, forseggjort gullramme. Ein mann spør om butikken sel gryter, og vert nøgd når han blir synt utvalet. I kaffikroken har eit par kjende slått seg ned og får ein god prat over kaffikoppen. I blant kjem kundar inn med store posar med varer dei ønsker å levera: "Det er så kjekt at andre kan få nytte av dette – og så går jo pengane til eit godt føremål!"



Dei som har vakt denne dagen er Grete Surland Våge og Annbjørg Nilsen. Grete har vore med i butikken frå han starta, medan Annbjørg tok til for to år sidan. Begge sit nå i styret for butikken. I nokre rolege minutt blir det høver till ein kort prat med dei.

Kva synest de om den nye butikken?

- Å, han er virkeleg blitt fin – vi har lysare lokale, betre plass og har fått hjelp til grei måte å stilla ut varene på. Kundane gjev utroleg gode tilbakemeldingar på korleis her er! Og det er så kjekt at så mange finn vegen til nybutikken – både gamle og nye kundar!

Kva er det som gjer at de ønskjer å arbeida her?

- Vi har det kort sagt kjekt! Her er mange og hyggelege kollegaer og veldig trivelege kundar! Det er veldig sosialt å arbeida her. Samstundes som det er moegeleg å ha ulike oppgåver, mange er i butikken, andre vil helst vera på lageret og sortera og prisa varer, nokre syter for henting og køyring av varer, ein heil del har ansvar for å halda det reint i lokalet.

De fortel at det dagleg kjem inn varer i butikken. Kven er det som leverer?

- Vi kan vel nesten seia at «alle» leverer, både yngre og eldre. Og vi er utroleg takksame for alt det fine vi får inn. I blant får vi og tilbod om å henta varer frå dødsbo når arvingane har fått med seg det dei ønskjer å ha. Då stiller vi med folk og bil og pakkar og hentar.

Men kva er det då som det blir seld mest av?

- Det er vel det vi kallar «ting og tang» - alt frå smykke via rosemåla fat til store middagsservise. Men vi sel no og veldig mykje klede, leiker går og fort ut, og rammer og bilete er det stor omsetnad på. Småmøblar går og fort unna. Nokre kundar handlar til seg sjølv, andre kjøper gåver her. Det er litt morosamt, for nokre kunda seier gjerne at dette er den mest spanande butikken i heile Os! Og kundar har vi, i alle aldrar. I løpet av ein laurdag som i dag er det gjerne rundt 70 betalende kundar og ein del som berre er innom og ser seg rundt. Men alle er velkommen!

Tekst og bilde: Lill-Karin Wallem

NMS GJENBRUK OS

MILJØ, MØTEPlass & MISJON

Her finn du det meste
- til ein rimelig pris!

Velkommen til ein spennande butikk i
Irisgården, vis à vis Extra. Tlf. 40 44 54 21

Vi trur òg
medarbeidarane vil
fengslast i arbeidslivet
for å vere med i fellesskapet

Vil du bli medarbeidar i NMS Gjenbruk Os?

- Liker du å møta menneske? - Har du nokre timar til overs kvar eller annan kvar veke?
- Ønskjer du å vera med i eit triveleg fellesskap?

Ta kontakt med
Eirik Norheim (97 19 19 21) eller
ein av medarbeidarane i butikken!

SKAPINGS DAGANE

Sigurd og Henrik (begge snart 10), minihjelparar
Vi kutter frukt og leverer ut til gruppene. Og så leiker vi med borna i pausene. I blant må vi rydde opp i kranglar, og passe på at alle har nokon å leike med. Så langt har det gått ganske bra! Vi skulle gjerne vore med å hjelpe til inne på aktivitetsgruppene. Det kan vi vere med på når vi blir litt eldre. Eg har tenkt til det, seier Sigurd.



Jacob (8), deltakar
Eg er med på gruppene Trommer og Kunst og handverk. Eg har laga ei vifte, og spelar på litt forskjellige instrument i forestillinga. Eg har lært namnet til Lars som leier trommegruppa, og nokre andre som er med. Det er bra å vere på Skapingsdagane! Eg gler meg til at alle kjem og ser på. Og så gler eg meg til å byrje i tredje etter sommaren!



Astrid Marie (8), deltakar
Eg har laga ei regnboge med stoff, lyslenke og vev. I gudstenesta speler eg på ei grashoppe, tromme og ei vasskanne (!). Og så skal jo alle saman synge. Eg gler meg til å vise fram det vi har laga! Eg anbefalar at alle første- og an-dreklassingar blir med neste sommarferie, det er kjempegøy!



Philippa (7), deltakar
Eg har laga ein enhjørning-fisk! Den skulle eigentleg få ei havfruehale, men så vart det ein fiskehale. Og så brukte eg fantasien. Eg har òg laga ein piggfisk med glitter på. I tillegg til leire har eg vore med på teater, det var kjekt! Gøy å få nye venner!



Vibeke, kyrkjelydspedagog og Skapingsdagane-general

Korleis har det vore på Skapingsdagane i år?
Det har vore heilt fantastisk! Glade barn, glade voksne og god stemning fra start til slutt! Dette er eit skikkeleg høgdepunktet i løpet av året.

Skapingsdagane er det siste store arrangementet før du no dessverre slutter hos oss. Kva skal du i gang med?
No skal eg i gang med noko heilt anna som eg har hatt lyst til lenge. Eg ser fram til og gler meg til nye utfordringar i barnevernet i Bjørnafjorden.

Er det nokre høgdepunkt frå tida i denne jobben som du vil trekke fram?
Høgdepunktet er absolutt Skapingsdagane før sommaren. Men det er òg utruleg koseleg å vere med på barnehagegudstenestene før jul.

Tusen takk for den gode innsatsen din som kyrkjelydspedagog i Os kyrkjelyd, Vibeke!

Tekst og foto: Sigurd Rotvik Tunestveit

GREETINGS FROM ENGLAND

I mai hadde vi besøk av ein prest frå Barrow-in-Furness i England, Simon Jones. Han blei kasta rett inn i livet i kyrkjelyden med å vera med på 17.mai-kaféen til Ungdomstunet. Her fortel Simon litt om sitt opphald i Os.

Thank you for making me feel very welcome on my first visit to Norway. A introduction to Norwegian culture and national identity was beginning my during the VE/Constitution day celebrations on May 17th. I enjoyed meeting church family, the local community, and to witness the traditional Norwegian and the culinary delight of sour cream porridge with cinnamon, raisins and meat! I had to quickly learn my Norwegian ice cream flavours and I apologize members of the community that I mistakenly informed them that strawberry (than raspberry) ice cream had been sold out. My Norwegian still needs so As a Church of England minister, I was



grateful for the opportunity to work alongside Roar and the team. I led a Bible study on the subject of freedom in Christ with the young leaders (Galatians 5:1), and gave my Christian testimony at an evening youth group. I also appreciated observing some local services including a football service, and messy church alongside a baptism (very creative ideas and I will take them back to England!). I took up the opportunity to speak at a local clergy conference in Bergen about the Quiet Revival here in the UK. Since the Covid pandemic, we are witnessing a remarkable growth in church attendance nationally, and especially among young men. This revival is “quiet” because it is more personal, relational, and digital than any revival we have witnessed before. I was able to have some good conversations with Norwegian ministers at the conference and Roar did a great job simultaneously translating some of the sessions. There are many more things I could mention, from trying grilled reindeer to how grateful I was for recommendations of places to visit in my final few days (Bondhusvatnet was amazing!). But I will finish with a big thank you for the hospitality of the family and extended family of Roar and Ingvi. My love, prayers and blessings in Christ. Grace and peace be with you all.

REGNBOGEGUDSTENESTE

Det er onsdag 19. juni og høg aktivitet i midtgangen i Os kyrkje. Om kort tid opnar dørene til regnbogemesse for tredje året på rad. I kulissane for denne gudstenesta står fleire bidragsytarar enn vanleg. Bjørnafjorden Pride har sidan starten vore involvert og innlemma gudstenesten i festivalprogrammet. Soknerådet er involvert, i tillegg til ei rekkje frivillige frå kyrkjelyden. Dugnadsanden for nett dette arrangementet i kyrkja er til å ta og føle på.

Framme i «orkestergrava» går ungdommane frå Joinus gjennom sangane som skal syngast i lag med Lise Renee Aase. Soknerådsmedlem Karl Ole Midtbø og kona Ruth Elin skal innleie det heile frå galleriet med trompeter, så her må det koordinerast med bandet som skal ta over på fyrste salme. Lydmann Sten Raymond Aase er dessutan trommeslagar på deltid denne kvelden, men finn òg tid til lydsjekken til artisten Løvfall, som har teke turen frå Bergen for å delta. Kyrkjevevja har sett nokre kanner kaffi i midtgangen, men dei færraste tek seg tid til slikt no. For kvar er stativet til flaggstengene?

Nestleiar for Bjørnafjorden Pride Lina Kristine Tennefoss Vatshelle set ut flotte blomedekorasjonar langs veggane og framme i koret. Dei har ho vore oppe natta før for å få ferdige. Små regnbogeflagg pyntar opp, og når prosesjonen kjem inn blir det endå fleire. Regnbogemessa er ei litt annleis gudsteneste som etter kvart har vorte del av «årshjulet» i Os kyrkjelyd. Og samstundes er det jo nett som det plar vera – liturgi, preike, musikk og fellesskap der alle er velkomne. Men akkurat i kveld markerer ein det mangfaldet vi menneske utgjør som eit uttrykk for Guds skaparglede og kjærleik. Det kan trass alt ikkje seiast ofte og tydeleg nok, at i kyrkja er du alltid velkomen – uansett kven du er.

«Mangfaldsgudstenesten» speglast òg med stort spenn i programmet. Vi fekk vakker og sterk dans frå Malin Næss Vangsnes-Weaver og Lilian Maria Bjertnes. Ein klår og inspirerande appell kom i frå ungdoms-arbeidar på Sotra Levi Jung, som mellom anna leiår Skeiv Ungdom Vestland og i år var med å arrangere Pride på Sotra for fyrste gong. Prest Jostein Enger snakka om at kyrkja skal vere «heimebane», ein stad der du blir støtta og heia fram. Då orkesteret spelte “Oh when the Saints ... “ som postludium var ein innhaldsrik messe over, men utgangsprosesjonen fortsatte bort til Tunet der det venta smakfull suppe og godt samvær utover kvelden. **Vel møtt neste år, same kven du er!**

Tekst og foto: Sigurd Rotvik Tunestveit



HAUSTENS KONSERTAR

Mandag 15. september kl. 18.00, Nore Neset kyrkje:
Haustkonsert med Ole Amund Gjersvik og Tore Hegdahl

Torsdag 2. oktober kl. 19:00, Os kyrkje:
"In Memory of Elvis Gospel"

Fredag 3. oktober kl. 19:00, Os kyrkje:
Salmekveld med lokale salmar av Norvald Kobbeltvedt og Bente Bratlund

Søndag 19. oktober kl 19:00, Os kyrkje:
Haustkonsert med Lise Renee Aase og band

Torsdag 6. november, kl 19:00, Nore Neset kyrkje:
Os Vocalis framfører Gabriel Faurés "Requiem"

Laurdag 15. november, kl. 19:00, Nore Neset kyrkje:
Salmekveld med Eyvind Skeie

Onsdag 19. november, kl 18:00, Nore Neset kyrkje:
Orgelkonsert med Irina Tarasova, Iman de Zwarte og Anna Cecilie Norlund Oksavik

Fredag 28. november, kl. 18:00, Nore Neset kyrkje:
Konsert med Tomine Mikkeline Eide



Irina Tarasova
Kantor
E-post: it698@kyrkja.no

SALMEKVELD med Eyvind Skeie

Laurdag 15. november inviterar me til salmekveld i Nore Neset kyrkje.

"Alle" veit kven han er, kanskje utan å vite det. Rundt juletider syng me "Tennlys" og "En stjerne skinner i natt", to tekstar av teolog, prest og forfattar Eyvind Skeie. Men han har også bidratt med meir enn 50 tekstar og oversettingar i Norsk Salmebok. I forbindelse med 25-årsjubileet for Nore Neset kyrkje er me svært glad for å kunne invitera til salmekveld og litt prat med Eyvind Skeie. Sett av datoen! Velkommen.

Tekst: Tonje Hernes. Foto: Erlend Berge.



DU ER HJARTELEG VELKOMMEN!



Å koma innfor dørane i kyrkja skal gje ei kjensle av å bli ynskt velkomen og teke godt i mot. Det er ein av kyrkjevert Espen sine viktigaste oppgåver.

Det er meir aktivitet i kyrkja før gudstenesta tek til denne dagen. Framføring av jazzmesse-liturgien som Aasmund Brekke skreiv til kyrkjejubileet i Os i 2020 trekker mange til kyrkjebenkane, og musikarar, teknikarar og andre skal få dei siste detaljane på plass. Men ved inngangsdøra er noko heilt som det plar vera: Kyrkjevert Espen Harald Haga (50) står klar til å møte dei som kjem. Dei får salmebok, eit trykt program og kunngjeringsark. Og eit stort smil.

- Eg har ynskt å engasjere meg i kyrkja, og denne oppgåva passa meg veldig bra, seier Espen. Han er òg på god veg til å rekruttere kona Agnethe til same vervet. Det er fint å ha ein vert på kvar side av døra når det kjem mange på ein gong.
- Her får ein møtt mange menneske, veksle nokre få ord og ynskt velkommen. Det synest eg er meningsfullt. Det er ikkje heilt min styrke å stå å prate framfor folk, då er det enklare å bidra med ein varm velkomst.

Kyrkjevertar tek imot dei som kjem, delar ut program og salmebøker. Nokre bidreg òg som tekstlesar, nattverdsmedhjelpar eller til kyrkjecaffien etterpå.

- Ein god «bonus» er at eg kjem meg oftare i kyrkja no når eg har ei oppgåve å gå til, det trengte eg! humrar Espen.

Kanskje er det ei frivillig oppgåve i gudstenestene som passar deg òg? Anten du er ledig ein søndag i ny og ne, eller kan tenke deg noko meir fast, er du hjarteleg velkommen til å ta kontakt med oss!



Ine Sofie Moen
Konsulent/Frivilligkoordinator
E-post: im763@kyrkja.no

Tekst og foto: Sigurd Rotvik Tunestveit

SALMEKVELD med lokale salmar av Norvald Kobbeltvedt og Bente Bratlund

Fredag 3. oktober kl. 19:00 inviterar me til Salmekveld i Os kyrkje. Salmane som skal framførast er skrevet og komponert av Norvald Kobbeltvedt og Bente Bratlund, og skal framførast av lokale musikarar. Her fortel Bente litt om deira samarbeid.

Samarbeidet mitt med Norvald Johan Kobbeltvedt om å skriva salmar og songar går langt tilbake i tid, heilt frå vi var ungdommar i det kristne ungdomsarbeidet i Os. Då Inger Kobbeltvedt og eg saman gjekk gjennom det store materialet av salmar som blei til i dette samarbeidet, fann vi salmar laga så langt tilbake som 1979. Eg har arbeida saman med fleire komponistar, men ingen har gripe tekstane mine på den måten som Norvald. Han skapte gull. Inger og eg har no prøvd å setja saman eit salmehefte frå det felles samarbeidet mellom Norvald og meg. Tekstar som for meg blei til ut frå livet slik det kjendes der eg var då, og Norvald foredla dei. Det er glede at kyrkja no vil ha dette heftet med salmar til bruk når det passar. Fleire av salmane er alt i bruk under gudstenester. Norvald var ein sterkt begava komponist som eg er stolt over å ha fått samarbeida med.

Konfirmant 2026

Velkomen til konfirmasjonstid i Os kyrkjelyd! Det er framleis mogleg å melde seg på.

Dei fremtidige konfirmantane har mykje å glede seg til. I konfirmasjonstida får ungdommane lære mykje spennande om seg sjølv, om tru, om Gud og den verda dei er en del av. Dei kan òg glede seg til å bli ein del av eit fellesskap.

For meir informasjon om konfirmantåret, pris og påmelding, scan QR-koden:



Gro Helen Blindheim Skjælaaen
Kateket E-post:
os.konfirmant@kyrkja.no



Innsamla offergåver sidan 02.03.25

Dato	Takkoffer til	Beløp
02.03.25	Kirkens SOS Bjørgvin	kr 5670
09.03.25	Tunet	kr 7679
16.03.25	MF - Det Teologiske Menighetsfakultet	kr 4792
23.03.25	Den Norske m	kr 5669
30.03.25	Eigen kyrkjelyd	kr 7281
06.04.25	Kirkens Nødhjelp - Fasteaksjonen	kr 3225
13.04.25	Tunet	kr 6308
17.04.25	Areopagos	kr 2053
18.04.25	Vennskapskyrkja på Cuba - Normisjon	kr 1955
20.04.25	Misjonsprosjektet	kr 10997
27.04.25	Tunet	kr 4845
03.05.25	Ungdomsarbeidet i kyrkjelyden	kr 8260
04.05.25	Ungdomsarbeidet i kyrkjelyden	kr 6630
10.05.25	Ungdomsarbeidet i kyrkjelyden	kr 20576
11.05.25	Ungdomsarbeidet i kyrkjelyden	kr 7878
17.05.25	Sjømannskirken	kr 4977
25.05.25	NLA	kr 4897
29.05.25	NLM's arbeid i Japan	kr 880
01.06.25	Eigen kyrkjelyd	kr 2297
08.06.25	Misjonsprosjektet	kr 8511
09.06.25	Åpne dører	kr 3001
15.06.25	Garden of Eden Kenya	kr 3229
19.06.25	Amnesty International	kr 8113
22.06.25	Tunet	kr 7184
29.06.25	Haraldsplass Samtalesenter	kr 5742

Takk for gåvene!



DEN NORSKE KYRKJA

Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd

HØYRING

Reviderte
gravplassvedtekter for
Bjørnafjorden

Lokalt reglement og rammeverk for bruk og tilbud på gravplassar i kommunen. Førre revisjon var 2019/2020. No ligg nytt framlegg med mindre endringar til høyring.

Høyringsperiode frå 4. august
til 15. september

Les meir på nettsida
kyrkja.no/bjornafjorden



JULEMESSE

LAURDAG 22. NOVEMBER



Tradisjonen tro, blir det julemesse i Tunet i år også! Kom og bli med på ein dag med førjulshygge for store og små!

KAN DU BIDRA?

Vi treng fleire varar til salsmessa på julemessa! Det vi har størst etterspurnad etter er bakst og syltetøy.

Kan du lage:

- Nokre fine posar med heimelaga julekaker (150-200g)?
- Nokre posar med heimelaga bakst (rundstykker, boller, lefser e.l.)?
- Nokre glass med heimelaga syltetøy?

Bidrag kan leverast på kyrjekontoret mellom mandag 17. november og fredag 21. november.

Har du høve til å bidra, ta kontakt med Ine Sofie på e-post eller scan QR-koden og registrer ditt bidrag.



Ine Sofie Moen
Konsulent/Frivilligkoordinator
E-post: im763@kyrkja.no

Fasade • Ventilasjon • Taktekking • Blikkenslagerarbeid

I.BJØRØ

KOBBER & BLIKK

- ETAB 1902 -

www.bjoroblikk.no

post@bjoroblikk.no

☎56 300 481

Kolskogheiane 2, 5210 Os

Os kyrkjeblad trykkast i over 9000 eksemplar og sendast m.a. til alle heimar i Os.

Di annonse HER?

Informasjon og prisar:
post.os@kyrkja.no eller
telefon 56 57 24 00

Sokneprestens hjørne

Nytt år, nye moglegheiter

Av og til lurar eg på kor tid nyttår egentleg er. Joda, 1. januar er nyårsdagen og året går frå då til 31. desember. Vi kan ikkje endra på det. Men har de ikkje av og til lurt på kvifor september, som er den nian-de månaden har namn som syder at det er den sjuande? Og desember som er den tolvte og siste månaden i året har namn som tyder at den er den tiande. Det har vel med at dei gamle romarane hadde 1. mars som nyårsdagen, og september er sju månader etter mars. For ikkje å gløyme kyrkjeåret som byrjar første søndag i advent. Men akkurat det får vi heller koma attende til i neste nummer.

Men kva er poenget mitt? Jo, no når dette kyrkjebladet kjem i postkassene rundt om i Osbygda er vi og i starten på eit nytt år: eit nytt skuleår. Det er nok mange 6-åringar som er spente på første skuledag. Det har vore ein gjeng nye 8.klassingar i ungdomsskulane, og mange som har tatt steget vekk frå den trygge grunn-skulen, og inn i vidaregåande skule. Og nokre har starta studentlivet, har starta tid som lærling eller flytta på folkehøgskule. Det er mange nye startar rundt om.

I kyrkja er og tida rundt skulestart tida då aktivitetane våre startar opp att. Vi tek imot dei nye konfirmantane, og vi prøver etter beste evne å koordinere bruken av romma på Tunet og kalendrane våre, så alle dei viktige møtene og aktivitetane kan skje.

Som ved alle nye år føler vi at vi no står framføre nye moglegheiter. Moglegheiter for nye opplevingar, nye vener, nye tider. Det er spennande og kanskje til og med litt skummelt å stå framføre eit nytt år, enten det nye året er de faktiske kalenderåret, skuleåret, kyrkjeåret eller vår eigen åremålsdag. Kva vil det nye året bringe? Eit er sikkert: På veg inn i eit nytt år kan vi, som gamlepresten i Fusa seier, rekna med Gud i kvarda-gen vår. Eg veit ikkje om det å gå inn i eit nytt skuleår er tid for nyårsløfte, men kanskje kan vi ta med oss ei nyårsmotto? I så fall vil eg føreslå Salme 37,5: Legg din veg i Herrens hand. Set di lit til han, så grip han inn. Godt nytt skuleår.



Roar H. Evjedal
Sokneprest

Salmeskatten

Salme 530 - Kyrkja ho er eit gamalt hus

T N.F.S. Grundtvig 1837 / O Anders Hovden 1918 (N) / M Ludvig M. Lindeman 1840

Når Nore Neset kyrkje no feirar 25-årsjubileum, står kyrkja i ein to tusen år gamal tradisjon. "Kyrkja ho er eit gamalt hus" fortel ein av salmane våre. Samstundes er kyrkja svært livskraftig. Teksten er av Nikolaj Frederik Severin Grundtvig (1783–1872), dansk prest, historiker, teolog, pedagog og forfatter. Salmen løfter fram den usynlege kyrkja – den truande forsamlinga som blir til gjennom nådemidla: Ordet, dåpen og nattverden.

Linja «står om enn tårna må falla» viser truleg til øydelegginga av Vor Frue Kirke i København under det engelske bombardementet i 1807, som Grundtvig sjølv opplevde. Tårna kan symbolisere borgar og slott – den verdslege makta. Siste del av vers 3 viser til Jesu løfte om å vera til stades der to eller tre er samla i hans namn (Matt 18,20). Siste vers understrekar kor viktig det er at kyrkjelyden samlast når klokkene ringer, og minner om at Jesu ord står fast.

Melodien er av Ludvig Mathias Lindeman (1812–1887), norsk organist, komponist, pedagog og folkemusikksammar. Melodien er også brukt i salme 418 «Jesus, du er den himmel veg». Det har vore diskutert om melodien er inspirert av eller forma som ein folketone. Melodien har både nordisk og internasjonal utbreiing, og er kjend som «Kirken» i engelskspråklege salmebøker.



Irina Tarasova
Kantor

STØTT VÅRE ANNONSØRAR!



Os Gravferdsbyrå AS

Begravningsservice
56 57 44 90

Janne Hålog
Gravferdsbyrå

Vi tilbyr alle typer begravninger, kirke og grav, trykksaker, blomster og gravarbeid.
Gravferdsbyrået i Bergen H. G.

www.os-gravferdsbyra.no



ORANGE BRUK AS

Hævel- og skumfyll
Panel - lister - golv
Trykkinnepregerte møbler

ALT TIL GUNSTIGE PRISAR

TELEFON 56 57 44 90 - FAX 56 57 44 91
52-53 LYNDALØSTEN

GRAVMINNER

Stor salgsutstilling av nye monumenter

Tilføyeser / Oppussing

STEINRIKET
EIKNER NATURSTEIN

ULSMÅGVEIEN 27, NESTUN
TLF. 55 98 70 00



TRAVELNET

OS REISEBYRÅ AS

TL 56 57 44 90

www.os-reisebyra.no



Elektro-Design AS

Tilpasser du en elektrisk installasjon?
Ta kontakt med Ole Hovden
Mobil, 911 29 7164



BOTNEVIK

Alt innen graving og transport

Ring eller på SMS 56 57 44 90
Bortsett på 56 57 44 90

TRANSPORT OG MASKINER • GRAVING

KVALITET!

Verktøy, maskiner og redskap for HUS OG HAGE

PM Sælen & Co AS
TLF. 56 30 44 90

JERNIA
www.jernia.no



OS HAGESERVICE

Vi lager hageplan, murer, legger stein, lager plen og planter busker og trær.

56 57 44 90 99 00 80 08
www.os-hageservice.no

Os kyrkjeblad trykkast i over 9000 eksemplar og sendast m.a. til alle heimar i Os.

Di annonse HER?

Informasjon og prisar:
post.os@kyrkja.no eller
telefon 56 57 24 00



Barnas

Fargelegg!

Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva gøymer seg her?



Vits:

Har du høyrte om klovn som slutta i jobben fordi alle lo av han?

Hugsar du bibelforteljinga om då Peter ville prøve å gå på vatnet slik som Jesus? Fargelegg biletet av Peter som går på vatnet.



Finn 10 gutenamn

I rutenettet gøymmer det seg 10 gutenamn. Leit bortover og nedover. Klarar du å finne alle?

Y	J	M	Q	X	R	X	E	E	E
O	E	O	E	H	U	T	G	H	O
R	I	R	D	A	B	Z	I	A	K
U	S	T	O	V	E	P	L	S	R
M	A	E	Z	O	N	U	F	L	I
G	K	N	Q	F	U	O	I	A	S
R	N	O	A	H	Y	L	L	K	T
K	Å	R	E	U	Q	A	L	Y	I
G	D	H	G	K	K	V	I	X	A
G	U	W	G	Q	X	Z	P	W	N

Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00

Vits:

Ei bekymra snigelmor til barna sine: – Ikkje løp over vegen! Om tre timer kjem bussen!


Kjære lesar!

Har du bladd heilt hit, er du kanskje interessert i ei aktiv og levande kyrkje for alle i Os?

Kan hende er du blant dei mange som bidreg, anten praktisk eller økonomisk, til kyrkjelyden sitt arbeid allereie?

Hugs at du får skattefrådrag for gaver inntil 25.000 kroner i året til gode formål. Teiknar du deg som fast gjevar blir dette automatisk registrert om du oppgir personinformasjon.

Bli med å byggje lokalkyrkja ved å gje ei gåve eller bli fast gjevar til Os kyrkjelyd - det kjem mange til gode!



På vegne av alle i kyrkja: Tusen takk!

Vi har nå fått digital påmelding til vigsel!

Sjekk ut nettsida vår for informasjon om vigsel i Os kyrkjelyd og lenke til digital påmelding:



FRÅ KYRKJEBØKENE



Døyppte

Velkommen i
kyrkjelyden!

23. mars

Rasmus Svendsen Andersen
Jon Flesvik Annie Austevoll
Haldorsen
Aksel Olai Gjertinsen Trongmo

30. mars

Kaja Kårstad
Mathilde Kimer-Bastiansen
Herman Mannseth Eidsvik

6. april

Håkon Tveiten Scheie

13. april

Nora Sæle Nybø

20. april

Oliver Kopperud
Tuva Emilie Palmork
Thea Celine Nguyen
Tobias Quimson Fosse

27. april

Johannes Garvik Sørstrønen
Nelly Breivik Halhjem
Linnea Sævdal
Amalie Vetaas
Sonja Flesland Nord
Olai Flaterås Skorpen
Mari Lærum Lunde
Pernille Vågen Røttingen
Håkon Troland Brimsholm

11. mai

Jenny Haugland Schwarz
Signe Sofie Hegdal

25. mai

Hedda Marie Sjaastad-Storum
Ellinor Hatvik Hansen
Casper Vik
Wilma Holmefjord Lindborg
Henry Mjelde Skjeie
Leander Karstad
Aylee Storum Holm

1. juni

Elias Våge Sæle Thea
Eikeland Aasen
Emma Skaalevik Pedersen

8. juni

Lucas Sagen Tveit
Lilo Monsen Vågen
Tobias Braathen Bakke

9. juni

Margot Andrea Bertelsen Berentzen

15. juni

Karl Martinus Haugland Hærø
Henning Øvredal Hjartåker
Saga Alida Øvredal Kelly
Jesper Fjæreide Bøthun

22. juni

Hugo Røttingen Aasen
Solveig Fjærtøft Mongstad
Tomine Mjånes

29. juni

Jonas Bakketeig Slettevold
John Kolala Folkmann
Liam Hjelle Austestad

6. juli

Selmer Stien Fanebust

13. juli

Lilly Sofie Mulelid Holthe

27. juli

Emma Aurora Dressel Wiik



Vigde

Gratulerer med
kjærleiken!

22. mars

Eirin Maria Larsson Aga & Jørgen Bauge Samdal

22. mai

Anne Kari Dale & Andreas Årvik

31. mai

Henriette Ellefsen & Pål Kevin Ellefsen
June Sjøbø Borgen & Andreas Rasmussen Foss

7. juni

Katrine Thuen & Kevin Balland

14. juni

Kamilla Thomassen Langeland & Øyvind Langeland
Camilla Lothe Troland & Fredrik Lothe Troland

28. juni

Marte Tysnes Kvamme & Henrik Hansen Kvamme
Renate Haugland & Aleksander Veland Haukås

12. juli

Natalia Nekrotyuk & Arne Terje Glesnes
Hanne-Kristin Tenold Herland & Christian Husebø

26. juli

Kristin Bogan Larsen & Torstein
Røykenes Elisabeth Skjelde & Torstein
Jellestad

Døde

Elisabeth Skeie Boga
25.01.1940 13.03.2025

Annette Nordhaug
07.08.1936 16.03.2025

Oddmund Pedersen
03.04.1947 16.03.2025

Odd Andreas Nybrot
27.06.1930 21.03.2025

Aase Skjelbreid
27.08.1943 21.03.2025

Björg Bjørndal
27.11.1933 24.03.2025

Björg Johanne Drageset
28.08.1931 24.03.2025

Arvid Magne Sørbo
06.08.1945 25.03.2025

Olaug Gjersvik
11.04.1932 26.03.2025

Hildur Karoline Austad
23.02.1936 28.03.2025

Bjarne Hansen
10.04.1928 06.04.2025

Bente Karin Solbakken
10.12.1952 08.04.2025

Hallfrid Askvik
26.04.1936 11.04.2025

Nils Ingolf Sagebakken
21.02.1934 14.04.2025

Odd Jack Monsen
30.04.1945 19.04.2025

Aslaug Hagevik
10.12.1937 03.05.2025

Björg Bøyum
28.12.1933 03.05.2025

Gunvor Kristin Blindheim
16.09.1952 05.05.2025

Ragnhild Sivertsen
21.08.1935 10.05.2025

Tom T. Jensen
24.07.1934 17.05.2025

Roelf Bierling
11.10.1956 22.05.2025

Reidun Drange
01.03.1927 09.06.2025

Einar Gåssand
27.12.1938 12.06.2025

Hilma Kvernes Sedahl
13.06.1935 15.06.2025

Arne Fergevåg
26.05.1968 17.06.2025

Kirsten Sofie Horvik
23.10.1934 17.06.2025

Karen Margrethe Haukeland
28.08.1945 19.06.2025

Anna Hylland
21.02.1919 25.06.2025

Hans Skogen
24.03.1934 30.06.2025

Betsy Andrea Hjelle
23.02.1924 02.07.2025

Martha Eikebø Kvalvaag
31.08.1942 06.07.2025

Eva Bremerthun
02.10.1944 07.07.2025

Kirsten Hauge
31.05.1933 16.07.2025

Thomas Hagevik Njøten
12.06.1999 16.07.2025

Anne Karin Rydland Moberg
06.02.1955 24.07.2025

Egil Arentzen
17.05.1952 24.07.2025

John Berge Hatvik Larsen
02.07.1965 26.07.2025

Kvil i fred



Sokneprest Roar
Hallesby Evjedal
Tlf: 934 42 968 | E-post: re674@kyrkja.no

Kapellan
Jostein Enger
Tlf: 975 01 273 | E-post: je886@kyrkja.no

Prostiprest
Svante Havåg
Tlf: 922 47 639 | E-post: sh226@kyrkja.no

Fungerande kyrkjeverje Bjørnafjorden
Dagleg leiar Os sokn
Sigurd Rotvik Tunestveit
Tlf: 938 69 109 | E-post: st575@kyrkja.no

Kantor Irina
Tarasova
E-post: it698@kyrkja.no

Organist
Anna Cecilie Norlund Oksavik
E-post: an785@kyrkja.no

Diakon
Ingrid Vik
Tlf: 450 51 212 | E-post: iv588@kyrkja.no

Konsulent - utleige/resepsjon
Inger-Johanne Haugland
Tlf: 457 13 710 | E-post: ih985@kyrkja.no

Konsulent - økonomi/gravplassforvaltning
Monica Refsdahl
Tlf: 456 52 830 | E-post: mr346@kyrkja.no

Konsulent/Frivilligkoordinator
Ine Sofie Moen
Tlf: 984 06 111 | E-post: im763@kyrkja.no

Kateket
Gro Helen Blindheim Skjælaaen
Tlf: 452 78 575 | E-post: gs234@kyrkja.no

Kyrkjelydsarbeidar, born og familiar
Sylvi Lundgren Tlf: 475 04 327 | E-post: sl828@kyrkja.no

Trusopplæringsmedarbeidar
Kristine Fjeld
Tlf: 414 26 859 | E-post: kf253@kyrkja.no

Ungdomsleiar
Harald Skoglund Dahler
Tlf: 482 61 164 | E-post: hd973@kyrkja.no

Ungdomsarbeidar
Idun Fjeld
Tlf: 482 66 376 | E-post: if594@kyrkja.no

Driftsleiar
Kenneth Molland
E-post: km893@kyrkja.no

Kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar
Agnar Midtsæter
Lars Joar Hilleren
Linn Kjerstin Østgulen
Terje Rød

Kyrkjegardsarbeidar
Marianne Tveit
Øyvind Dreyer

Kyrkjetenar
Marie Hallesby Evjedal

Første- klasser

Me inviterar alle førsteklassingar i kyrkjelyden til fire kjekke samlingar i Tunet!

På første samling får du utdelt 6-årsboka og ei aktivitetsbok. Gjennom ulike aktivitetar blir vi kjend med bibelforteljingane i boka. Vi et kveldsmat saman til slutt. Vaksne er velkomne til ein kopp kaffi kl. 18.15. Då kan vi fortelje kva vi har høyrte og laga denne dagen.

**Heilt førsteklasses er
følgjande tysdagar kl.
17.00-18.30:**

- 9. september
- 16. september
- 23. september
- 30. september

Program:

- Oppstart
- Dagens bibelforteljing
- Dagens aktivitet
- Kveldsmat
- Avslutning

**Meir informasjon og
påmelding finn du her:**



Os kyrkje	Nore Neset kyrkje
24.08.2025 11:00 Gudsteneste	24.08.2025 19:00 Forbønsgudsteneste
31.08.2025 11:00 Gudsteneste	07.09.2025 11:00 Familiegudsteneste (Messy Church)
07.09.2025 11:00 Gudsteneste	21.09.2025 19:00 Gudsteneste
14.09.2025 11:00 Gudsteneste	12.10.2025 11:00 Familiegudsteneste (Messy Church)
21.09.2025 11:00 Søndagssamlingsgudsteneste	26.10.2025 11:00 Gudsteneste
28.09.2025 11:00 Jubileumsgudsteneste Speidaren 80 år Utdeling av 4-årsbok	02.11.2025 11:00 Minnegudsteneste
05.10.2025 10:00 Gudsteneste med dåp 11:15 Gudsteneste	09.11.2025 19:00 Kveldsgudsteneste
19.10.2025 11:00 Gudsteneste med Kongshaug	30.11.2025 11:00 Jubileumsgudsteneste Nore Neset kyrkje 25 år
26.10.2025 11:00 Familiegudsteneste. Utdeling av 4-årsbok	07.12.2025 11:00 Familiegudsteneste (Messy Church)
02.11.2025 11:00 Familiegudsteneste 19:00 Minnegudsteneste	
09.11.2025 10:00 Gudsteneste med dåp 11:15 Gudsteneste	
16.11.2025 11:00 Gudsteneste	
23.11.2025 11:00 Gudsteneste med bispevisitas	
07.12.2025 10:00 Gudsteneste med dåp 11:15 Gudsteneste	

**Hald deg oppdatert på
kyrkja.no/os**

**Følg oss gjerne på Facebook:
Os kyrkjelyd**